

Til Fylkesmannen

Saka um brigde av posthusnamnet Flemsøen vert send attende med alle hitsende dokument og med særutskrift av møteboka aat Haram heradstyre for møte 9/8 dette aar.

Som nye dokument fylgjer:

1. Ein provtest mot namnebrigdet
2. Tvo skriv fraa ungdomslaget «Fram».

Daa denne saka er noko einsidigt framstilt av ungdomslaget «Fram» og der endatil er retta sterke skuldningar mot heradstyret vert eg nøydd aa gaa noko nærare inn paa spursmaalet.

Naar ungdomslaget «Fram» i sitt skriv til Sunnmøre frilynde ungdomslag segjor at denne øya i dagleg tale ikkje heiter Flemsaen eller Flemsøy men Skuløy, kan ein vel med god grunn setja eit stort spursmålsteikn til her.

Utan um posthusnamnet hav me ogso rikstelefonen som heiter Flemsø og alle som bruker telefonen vert soleis ogso nøydd aa nytta Flemsøynamnet.

Sjølv um Skuløy vert noko nytta i dagleg tale vert vel i røynda Flemsøy-namnet mykje meir nytta – alt saman lagt.

Sidan me fekk posthusnamnet hev Flemsøy sige noko inn i dagleg talen segjor ungdomslaget Merkjelegt. I Peder Strøms Søndmøre beskrivelse fraa 1766 heiter det i II del side 18 «Flemsøe eller som den av andre Kaldes Skuløe er...»

Som ein vil sjaa hev Strøm sett Flemsøe i forgrunnen og dette skulde vel ikkje tyda paa at namnet ikkje vart nytta.

I Kalsboka for Haram vil ein vidare finna ei opprekning av øyane i Haram av sokneprest Abalseth

kring 1760. Der stend tilført Kalsboka soleis:

«Harams kirke hertil henhører 6 øer Lepsøen, Haramsøen, Flemsøen o s v.»

Ein hev soleis all grunn til aa tru at Flemsøy ikkje berre vart nytta i offentlegt bruk , men at det ogso var det namnet som var mest nytta i daglegt bruk paa denne tid.

So hev ungdomslaget i alle sine skriv halde so sterkt fram utskiftningsforretningi som fekk namnet Skulaens utskiftningsforretning.

Overskrifta paa denne utskiftningsforretningi skulde gjeva so klart eit døme paa kva folkemeiningi var um dette namnespørsmaalet i 1872-1878.

Men merkjelegt nok i 1877 vart der oppretta ei handelsforretning paa denne same øya og metlimar i denne handelseforretningi var dei fleste busetænde menn paa heile øya. Baade Formannen i styret og forretningføraren var buande paa Longva. Og denne handelsforretninga vart kalla Flemsøens Jordbruksforening. Eg hev ikkje funne at der var usemje um namnet. Kvifor nemner ikkje ungdomslaget noko um dette? Eg tykkjer at dette gjev eit like so klaart døme paa folkemeiningi som overskrifta paa utskiftningsforretningi.

Flemsøens jorbruksforening er eller framleis i full drift. Siste driftsaar 1919 hadde den ein umsetnad paa 212 000 Kroner. Eg vert nøydd aa peika paa at det vil taka seg noko underlegt ut um me for

posthusnamnet brigda til Skuløy-Flemsøens Jorbruksforening. Skuløy vert vel i røyndi noko av ein «kuriositet». Naar heradstyret gev til vurdering um aa halda fast ved Flemsøynamnet

var det vist ikkje av omsyn til ordførar men av reint saklege grunnar ut fraa det personlege kjendskap heradstyret hadde til alle ting som nedkjem spursmaalet.

Heradstyret fann ikkje at ein so utan vidare kunde tillaa dette namnebrigdet, der vilde gripa so sterkt inn paa mange umkverve, utan at der laag føre sterke saklege grunnar. Og etter heradstyret si meining er der ikkje ført prov for at Skuløy er rette namnet paa øya.

Det ser tvert imot ut til at det er Flemsøynamnet som hev vore nytta so langt attende som ein kan finna skrifter og dokument aa halda seg til.

Forutan posthusnamnet som hev vore heitande Flemsøen heilt sidan me fekk posthus paa øya hev me også rikstelefonen med same namn og nu hev Flemsøy paa alle Kart. At det vil valda ugreide og vanskar aa gaa til eit brigde av posthusnamnet i den leid som ungdomslaget hev gjort krav um maa vera sjølvsgt.

So er det avrøystingi um namnet. 165 hev røystad for Skuløy og berre 3 for Flemsøy segjer ungdomslaget – og sjelv um ein riknar dei som ikkje røystede som um dei vilde halda paa Flemsøy vil det ikkje verta overt 70. Den medsendte prostesten synar at det i røyndi er over hundrod som hev teke til motmæle mot namnebrigdet.

Flertallet vert soleis ikkje so stort og avgjernende som ungdomslaget vil gjera det til. Um denne avrøystingi er elles aa segja at der vart førð sterk agitation. Lista vart umbera fraa tun til tun og ein kan vel trygt gaa ut ifraa at mange av desse 165 hev lita interesse for denne namnestriden.

Sanningi vert vel i røyndi den at flertalet av dei røysteføre

menn og kvinner paa øya hev lita interesse for namnespursmaalet.

Dette namnebrigdet er elles etter mi personlege meining, lite skikka for ei avrøysting. Det avgjerande maa vel i røyndi vera kaa som er det rettaste og dette kan ein vel ikkje finna ut ved et avrøysting.

Det er elles ikkje noko særsyn dette at er øy hev sitt namn etter ein gard vil ein tid sjaa paa namna paa øyane utetter Sunnmør er det nest dei allor fleste som hev namn etter en gard paa øya.

Der skulde soleis ikkje vera meir grunn till aa gaa til eit namnebrigde her paa øya enn mange andre stader fordi um Flemsøynamnet hev si rot i eit gardsnamn – og ikkje kan eg skyna at dette skal vera til noken æremink for nokon av dei som bur paa dei andre gardarne paa øya heller.

At der skulde vera postale omsyn som gjorde det turvande aa gaa til eit namnebrigde solei som L. Johnsen hev halde fram er uskylenelegt. Som ordfører og Formann i provianteringsraadet under krigen og heile krigstida hev eg vel havt meir postsending enn nokon annan paa øya og eg hev ikkje merka noko av denne julsendingi. Tvertimot hev all postsending godt greit og godt til kvar Tid.

Sjølv ungdomslaget segjer at dei tore ikkje uttala seg um dei postale omsyn. I røyndi kunde vel ogso dei sanna at dei unga ugreide hadde hat med posten sin.

Tilslutt maa eg nemna at under avgjersla av denne tok i siste heradstyremøte var alle tilstades og derimillom 4 fraa Flemsøy – Tvo av desse røystede for fleirtalsforslaget. Endeleg maa eg peika paa at

lensmannen som fyrst fekk saka tilsendt hev tilråda Flemsøy.

Lensmannen maatte vel i alle høve vera utanum ordføraren sin paavirknad.

I von um at baade Poststyret og dei andre autoritetaene som fær den endelege avgjerd aa gjera, vil taka fuldt omsyn til tilraadingi fraa lensmannen og heradstyret teknar eg

Haram formannskap 26/9 1920

Ole K. Flem.